

## PÅGÅANDE UTVIKLINGSPROSJEKT I 2023 (oppdatert 15.11.2023)

Prosjekt nummer:	Prosjekttittel:	Kommunane i prosjektet:	Samarbeid med kompetansemiljø:	Prosjektet starta opp:	Mål og innhald i prosjektet:	Kontaktpersonar:
13.	<b>Til fosterbarnets beste – saman om å styrke fosterheim og biologisk heim</b>	Vertskommune: <b>Stord</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa</u> Bjørnafjorden, Stord, Bømlo og Fitjar (Sunnhordaland interkommunale barnevernsteneste)	Bufetat, RVTS Vest og Tusmo	2020 -	<u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å sikra fosterbarn/flytta barn eit heilskapleg tilbod med høg kvalitet gjennom å styrkja samarbeidet mellom fosterforeldre, biologiske foreldre og barneverntenesta ved å utvikle og implementere rutinar for tettare oppfølging, rettleiing og kompetanseheving hjå alle partar.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Fagdagar for fosterforeldre/biologiske foreldre/tilsette i barnevernstenestene med fokus på TBO-F, brubygging, korleis ivareta fosterbarnet sin kulturelle, religiøse og etniske identitet. Implementere gode rutinar i tenestene for tett nok samarbeid med fosterforeldre og biologiske foreldre. Kvalitetssikre fosterheimsgodkjenningar.  <a href="#">Til fosterbarnets beste</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Marianne Kannelønning <a href="mailto:marianne.kannelonning@stord.kommune.no">marianne.kannelonning@stord.kommune.no</a>  <b>Prosjektleiar:</b> Solfrid Burkeland Smith <a href="mailto:Solfrid.Burkeland.Smith@stord.kommune.no">Solfrid.Burkeland.Smith@stord.kommune.no</a>
12.	<b>Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger og Voss regionen</b>	<u>Vertskommune:</u> <b>Voss</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa</u> Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss og Kvam	Bufetat	2020 -	<u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å utvikle eit robust og kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger- og Voss-region.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Få opplæring og ta i bruk Trygg Base og TBO-F i egne tenester. Utvikling av gode rutinar i rekruttering og opplæring av nye fosterheimar og vedlikehald. Fellessamlingar for fosterforeldre og fosterbarn. Tilby Emosjonsfokusert ferdighetstrening for foreldre (EFST) og COS-kurs til fosterheimar og biologiske foreldre. Etablere nettverk for biologiske foreldre, og fosterforeldre.  <a href="#">Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Elin Rullestad Fossåen <a href="mailto:elin.fossaaen@ullensvang.no">elin.fossaaen@ullensvang.no</a>  <b>Prosjektkoordinator:</b> Annette Dahle Hegle <a href="mailto:Annette.D.Hegle@voss.herad.no">Annette.D.Hegle@voss.herad.no</a>  <b>Prosjektmedarbeidar:</b> Kari-Anne Kvestad <a href="mailto:kari-anne.kvestad@ullensvang.kommune.no">kari-anne.kvestad@ullensvang.kommune.no</a>
11.	<b>Den gode fosterheimen</b>	<u>Vertskommune:</u> <b>Sunnfjord</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa</u> Sunnfjord, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Solund, Hyllestad, Masfjorden og Gulen	Bufetat og Høgskulen på Vestlandet.	2020 - 2023	<u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å sikre kvalitet og oppfølging av fosterheimane, og å redusere talet på utilsikta flyttingar med dei påkjenningane dette fører til for barna det gjeld. Prosjektet har også mål om å styrka samarbeidet, utvikle og styrke fagmiljøet på tvers av kommunegrensene.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Kartlegging av dei ulike kommunane sine behov for oppfølging og rettleiing av fosterheimar. Planlegge og delta på fagsamlingar og legge til rette og gjennomføre opplæring av fosterfamiliar og dei tilsette som arbeidar med fosterheimsarbeid. Opplæring i TBO-F og Trygg base. Arrangere felles samling for alle fosterheimane våre med mål om fagleg påfyll og etablere ein arena for å treffe andre fosterheimar og dele erfaring.  <a href="#">Den gode fosterheimen</a>	<b>Ass. einingsleiar og prosjektleiar i vertskommunen:</b> Monica Loen-Grov <a href="mailto:Monica.loen-grov@sunnfjord.kommune.no">Monica.loen-grov@sunnfjord.kommune.no</a>
6.	<b>Styrking av fosterheimsarbeidet</b>	Vertskommune: <b>Haugesund</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa</u> Haugesund, Utsira, Karmøy, Bokn, Tysvær, Sveio, Etne, Vindafjord, Suldal og Sauda	RKBU Vest og Bufetat	2019 -	<u>Hovudmålet</u> er å redusere talet på utilsikta flyttingar, med delmål å i større grad sikra kvaliteten på oppfølginga av den einskilde fosterheimen.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide, pilotere og implementere «Ein god start» for fosterforeldre</li> <li>• Utarbeide og sette i verk «Vegen vidare» for barnets foreldre</li> <li>• Lage innhald til fire årlege fosterheimskveldar</li> <li>• Lage innhald til fosterheimskveldar for kontaktpersonar og rettleiarar</li> <li>• Samarbeide med Bufetat og få overført kompetanse om opplæring, rettleiingsgrupper og kurs til fosterforeldre og barn som har fostersøsken</li> <li>• «Ein god start» og «Ein ny start» gjerast tilgjengeleg for fleire, og testast ut i to nye kommunar</li> <li>• Lage en oppfølgingspakke til barnet i fosterheimen og til barnehage/skole.</li> <li>• «Ein god start» skal evaluerast i samarbeid med RKBU og Universitet i Bergen</li> </ul> <a href="#">Styrking av fosterhjemsarbeidet</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Liv Kjersti Kvalevaag <a href="mailto:liv.kjersti.kvalevaag@haugesund.kommune.no">liv.kjersti.kvalevaag@haugesund.kommune.no</a>  <b>Prosjektleiar:</b> Owe Myklebust <a href="mailto:owe.myklebust@haugesund.kommune.no">owe.myklebust@haugesund.kommune.no</a>

10.	<b>Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep</b>	Vertskommune: <b>Kvinnherad</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa</u> Kvinnherad, Ullensvang	RVTS Vest og Krisesenter Vest IKS, Statens Barnehus i Bergen, Kvinnherad politistasjon	2020 -	<u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å auke kunnskap om vald og overgrep i kommunal barnevernsteneste, og andre tenester som arbeider med barn og unge i kommunane – mål om betre tidleg innsats og auka rettstryggleik for barn og unge. Utvikla ein god modell for hjelpetiltak til barn og familiar der det er mistanke/avdekka vald eller seksuelle overgrep, slik at barn får rett hjelp til rett tid og ein modell for korleis ein skal sikre god gjenforeining mellom barn og foreldre, og mellom familie og ulike tenester, etter tilrettelagt avhøyr på barnehuset.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Kompetanseheving til tilsette i kommunen, og plan for informasjonsarbeid inn mot barn og unge og frivillige organisasjonar. Utvikle gode hjelpetiltak til barn og familiar, der det er mistanke om eller avdekka vald og seksuelle overgrep. Utvikle, teste ut og implementere ein modell for gjenforeiningsmøte etter avdekking/tilrettelagt avhøyr på barnehuset.  <a href="#">Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Linda Liabø Gråfe <a href="mailto:Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no">Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no</a>  <b>Prosjektleiar:</b> Vigdis Anne Dyrkolbotn <a href="mailto:Vigdis.anne.dyrkolbotn@kvinnherad.kommune.no">Vigdis.anne.dyrkolbotn@kvinnherad.kommune.no</a>  <b>Prosjektmedarbeidar:</b> Isabella Helland <a href="mailto:isabella.helland@ullensvang.kommune.no">isabella.helland@ullensvang.kommune.no</a>  Vibeke Lynghammer <a href="mailto:vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no">vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no</a>
4.	<b>Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrensar</b>	Vertskommune: <b>Kvinnherad</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Kvinnherad, Austevoll og Tysnes	Høgskulen på Vestlandet og RKBU vest, Universitetet i Bergen og Forandringsfabrikken	2019 – 2023	<u>Hovudmålet</u> Er å auke kompetansen for å identifisere barn i risiko og gje rett hjelp til rett tid. Dette skal vi oppnå gjennom (delmål) sikre trygge tenester, god praksis av analyse og vurdering, fagleg forsvarleg dokumentasjon i sakshandsaming, auke kunnskap om traumebevisst praksis, og at barn og familiar er involvert og har medverknad.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Samlingar for barnevernstenestene i heile Vestland fylke, fysisk samling for dei tre kommunane og digital samling for resten, gruppesamlingar/øvingar der hovudfokus er å øve på analyse og vurdering ved bruk av case, kor vi går inn på spesifikke tema vi treng meir kunnskap om. Prosjektkommunane har delteke i Kvinnherad sitt prosjekt “vi ser, vi handlar” og interne samlingar i kvar kommune for å arbeide med implementering av nye arbeidsmåtar.  <a href="#">Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrensar</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Linda Liabø Gråfe <a href="mailto:Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no">Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no</a>
1.	<b>Vestlandsmodellen for undersøkingar i barnevernssaker med høg konflikt mellom foreldre</b>	Vertskommune: <b>Kvam</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Kvam, Bjørnafjorden, Voss og Øygarden	RKBU vest og Universitetet i Bergen - HEMIL senteret.	2018 – 2023	<u>Hovudmålet</u> med prosjektet er å utvikle ein modell for undersøkingar i saker med høg konflikt mellom foreldra. Målsettinga er å auke kvaliteten i undersøkingarbeidet, bidra til meir like tenester og praksis og betre samarbeid med familievernkontora.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Utvikle, teste ut, evaluere, gje opplæring i modellen og implementere Vestlandsmodellen i prosjektkommunane. Gjere modellen kjent for dei andre kommunane i Vestland. Etablere samarbeide med masterstudentar ved Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret kring relevante tema i arbeid med høgkonflikt saker.  <a href="#">Vestlandsmodellen for undersøkelse i barnevernssaker der barn lever i omfattende familiekonflikt</a>	<b>Barnevernleiar i vertskommunen:</b> Kjersti Kloløck <a href="mailto:kjeklo@kvam.kommune.no">kjeklo@kvam.kommune.no</a>  <b>Prosjektkoordinatorar:</b> Annette Dahle Hegle <a href="mailto:Annette.D.Hegle@voss.herad.no">Annette.D.Hegle@voss.herad.no</a>  Anne Heggland <a href="mailto:anhl@bjornafjorden.kommune.no">anhl@bjornafjorden.kommune.no</a>
9.	<b>Betre hjelpetiltak i barnevernet – fokus på foreldrerettleiing</b>	Vertskommune: <b>Stad</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Stad, Gloppen og Stryn	Høgskulen på Vestlandet og RKBU Vest	2020-	<u>Hovudmålet</u> for prosjektet er å betre hjelpetiltaksarbeidet gjennom å heve kompetansen til tiltaksarbeidarane gjennom rettleiing, etablering av fagnettverk og gjennomføring av fagdagar. Prosjektet tar òg mål av seg å bidra til å styrka arbeidet med rettleiing til fosterforeldre og oppfølging av foreldre som har mista omsorga for sine barn.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Etablere fagnettverk for tiltaksarbeidarar</li><li>• Organisere kurs/ konferanse for tiltaksarbeidarar</li><li>• Etablere rettleiingsordningar for tiltaksarbeidarane</li><li>• Knytte og vedlikehalde kontakt mellom kommunale tiltaksteam og relevante kompetansmiljø.</li></ul> <a href="#">Betre hjelpetiltak i barnevernet – fokus på foreldrerettleiing</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Britt Remme <a href="mailto:Britt.remme@stad.kommune.no">Britt.remme@stad.kommune.no</a>  <b>Prosjektleiar:</b> Marita Nesje <a href="mailto:marita.nesje@gloppen.kommune.no">marita.nesje@gloppen.kommune.no</a>

14.	<b>Styrking av barnevernsvaktordninga</b>	Vertskommune: <b>Øygarden</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Øygarden og Askøy	RKBU Vest	2020 - 2023	<p><u>Hovudmålet</u> er å utvikle og pilotere modell for interkommunal aktiv barnevernsvakt med mål om å få til ein beredskap i kommunane med høg kvalitet. Forebygge hasteplasseringar.</p> <p><u>Hovudinnhaldet i prosjektet:</u> Kartlegge behov og status i kommunane, utarbeide forslag til organisering og oppgåver i en aktiv interkommunal barnevernsvakt. Utarbeide informasjonsstrategi for å gjere kjent ny aktiv barnevernsvakt til innbyggjarar og samarbeidspartnarar. Utvikle, teste ut, evaluere og implementere barnevernsvakta. Dele erfaringane med dei andre kommunane i Vestland. Frå 2021 vart prosjektet utvida. Prosjektet skal også førebu og starte opp eit familieteam som skal bidra til god ivaretaking av barn og foreldre i akutte situasjonar og sette i verk tiltak for å forebygge hasteplasseringar.</p> <p><a href="#">Styrking av barnevernsvaktordninga</a></p>	<p><b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Hege Gundersen <a href="mailto:hege.gundersen@oygarden.kommune.no">hege.gundersen@oygarden.kommune.no</a></p> <p><b>Prosjektleder:</b> Elisabeth Mallesvik <a href="mailto:elisabeth.mallesvik@askoy.kommune.no">elisabeth.mallesvik@askoy.kommune.no</a></p>
15.	<b>Frå barnet sitt vindauge (FBV)</b>	Vertskommune: <b>Øygarden</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Øygarden, Askøy og Stavanger	RVTS Vest og Universitetet i Bergen	2021 -	<p><u>Hovudmålet</u> er å sikre best mogleg oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, og vidare styrke midlertidigheitsperspektivet i omsorgsovertaking som tiltak.</p> <p>Prosjektet har utvikla ein modell for prosessarbeidet etter ei omsorgsovertaking. Modellen inneheld malar og samtaleverktøy for å sikre ei god og målretta oppfølging av barn og foreldre, der regelmessige evalueringar og vurdering av spørsmål om tilbakeføring inngår. Malane skal bidra til å sikre eit godt grunnlag for dei avgjerd og vurderingane som skal gjerast.</p> <p><u>Hovudinnhaldet i prosjektet og aktivitetar framover:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre implementering av malar og verktøy i omsorgsavdelingane</li> <li>• Sikre implementering av «Veien vidare», en strukturert samtalerekke til foreldre etter flytting</li> <li>• Tilpasse malar og verktøy til prosessarbeidet kring fosterheimar som hjelpetiltak (§ 3.2)</li> <li>• Utvikle forslag til tiltak etter vedtak om tilbakeføring for å sikre ein god og gradvis gjenforeining</li> <li>• Overføre grunnforståing og prosessarbeid til undersøking og tiltaksfasen</li> <li>• Integre og foredle Landsbykonseptet som en felles fagleg forståing i FBV for å sikre ein systemisk oppfølging av familiar med fosterheim som tiltak.</li> <li>• Følgforskning gjennom masterprosjekt i samarbeid med UIB</li> </ul> <p><a href="#">Frå barnet sitt vindauge</a></p>	<p><b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Hege Gundersen <a href="mailto:hege.gundersen@oygarden.kommune.no">hege.gundersen@oygarden.kommune.no</a></p> <p><b>Prosjektleder:</b> Lita Havnevik Erstad <a href="mailto:Lita.erstad@oygarden.kommune.no">Lita.erstad@oygarden.kommune.no</a></p>
16.	<b>Prosjekt Zip-team - Rekruttering og opplæring av fosterheim i geografisk nærheit</b>	Vertskommune: <b>Øygarden</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Øygarden og Alver	Bufetat region Vest	2022 -	<p><u>Hovudmålet</u> er å styrke rekruttering og opplæring av fosterfamiliar lokalt for å sikre at flest mogleg barn kan bli buande i sitt nærmiljø.</p> <p>Prosjektet utviklar ein modell for rekruttering og opplæring av nøytrale fosterheimar med utgangspunkt i gjeldande ansvarsfordeling mellom stat og kommune. Modellen skal enkelt kunne tilpassast lokale forhold og dermed nyttast i alle kommunar. Modellen baserer seg på et forpliktande samarbeid mellom Bufetat og kommunen, der eit fast team bestående av faste kontaktpersonar frå Bufetat og kommunen har ansvar for å gjennomføre fastsette oppgåvene knytt til rekruttering og opplæring av fosterheimar. Modellen gjev ei tydleg skildring av arbeidsoppgåvene for Bufetat og kommunen i dei ulike fasane av arbeidet.</p> <p><u>Hovudinnhaldet og aktivitetar i prosjektet framover:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ferdigstille modell for rekruttering og opplæring av fosterheimar i geografisk nærheit</li> <li>• Gjennomføre pilot i drift av modell for rekruttering og opplæring av fosterheimar</li> <li>• Piloteringa av modellen skal kvalitetssikre prosess og samarbeidsstrukturar før ein gjev tilbod om at andre kommunar ta modellen i bruk</li> <li>• Prosjekt har mål om å bidra til å styrke tillit og samarbeidsklima mellom Bufetat og kommunar når det gjelder rekruttering og opplæring av fosterheimar</li> </ul> <p><a href="#">Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik</a></p>	<p><b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Hege Gundersen <a href="mailto:hege.gundersen@oygarden.kommune.no">hege.gundersen@oygarden.kommune.no</a></p> <p><b>Prosjektleder:</b> Lita Havnevik Erstad <a href="mailto:Lita.erstad@oygarden.kommune.no">Lita.erstad@oygarden.kommune.no</a></p>

18.	<b>Rett hjelp der barnet bur</b>	Vertskommune: <b>Stord</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Sunnhordaland Interkommunale Barnevernsteneste (Bømlo, Fitjar, Stord), Utsira, Karmøy, Bokn og Haugesund.	NUBU	2022	<u>Hovudmålet</u> for prosjektet er at familiar i dei kommunane får tilgang til meir fleksible tiltak som gjev familien rett hjelp der barnet bur, som dekker det eksisterande gapet mellom behov for hjelpetiltak i heimen og utflytting, og som difor hindrar at barn må flytta vekk frå heimen. Dette vil igjen føra til reduksjon i omsorgstiltak finansiert av offentlege tenester/ressursar.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet</u> Oppretta eit MST-CAN-team (Multisystemic Therapy – Child Abuse and Neglect). Det er ei evidensbasert behandling for familiar der det førekjem vald og omsorgssvikt mot born.  <a href="#">Rett hjelp der barnet bur/MST-CAN</a>	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Marianne Kannelønning <a href="mailto:marianne.kannelonning@stord.kommune.no">marianne.kannelonning@stord.kommune.no</a>  <b>Kontaktperson i vertskommunen:</b> Malene Rosland Eldøy <a href="mailto:Malene.rosland.eldoy@stord.kommune.no">Malene.rosland.eldoy@stord.kommune.no</a>  <b>Prosjektleder:</b> Gunborg Irene Spissøy Kyvik <a href="mailto:Gunborg.Irene.Spissoy.Kyvik@stord.kommune.no">Gunborg.Irene.Spissoy.Kyvik@stord.kommune.no</a>
19.	<b>Ser de meg?</b> - eit tverrfagleg samarbeid i barnehagen, tidleg oppfølging og riktig handling	Vertskommune: <b>Askøy</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Samnanger	KORUS Bergen	2023	<u>Hovudmålet</u> for prosjektet er å styrke evna til tidleg identifisering av barn og familiar som har behov for hjelp og støtte, og gi hjelp raskare på eit lågterskel nivå.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet</u> - Tilsette med barnevernsfagleg kompetanse i barnehagane	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen og prosjektleder:</b> Esther Vetås <a href="mailto:Esther.vetås@askoy.kommune.no">Esther.vetås@askoy.kommune.no</a>  <b>Prosjektleder frå januar 2024:</b> Anne-Brit Sveine
20.	<b>Rettleiing i Vestland</b>	Vertskommune: <b>Kvinnherad</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Sunnfjord, Luster, Aurland, Lærdal, Høyanger, Osterøy, Vaksdal, Modalen og Årdal.	RKBU Vest	2023	<u>Hovudmålet</u> for prosjektet er at alle tilsette i barnevernstenestene skal få god og systematisk rettleiing, og at alle tenestene skal ha tilgang til kompetanse på rettleiing.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet</u> - Lage ordningar som sikrar fagleg god og jamleg rettleiing i alle tenestene - Auke kompetansen på rettleiing i tenestene - Få ei meir felles forståing av kva rettleiing er, og kva den bør innehalde	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Linda Liabø Gråfe <a href="mailto:Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no">Linda.grafe@kvinnherad.kommune.no</a>  <b>Prosjektleder:</b> Solveig Hus Hansen <a href="mailto:solveig.hus.hansen@kvinnherad.kommune.no">solveig.hus.hansen@kvinnherad.kommune.no</a>
21.	<b>Betre rekruttering – fosterheim i barnet sitt nærmiljø</b>	Vertskommune: <b>Stord</b>  <u>Kommunane i prosjektgruppa:</u> Fitjar, Bømlo og Tysnes	Bufetat region Vest	2023	<u>Hovudmålet</u> for prosjektet er å styrke arbeidet med rekruttering av fosterheimar i barnet sitt utvida nettverk og nærmiljø.  <u>Hovudinnhaldet i prosjektet</u> Prosjektet skal gjennomførast ved å utarbeide nye og systematiske arbeidsmåtar for kartlegging og rekruttering av slike fosterheimar.	<b>Barnevernsleiar i vertskommunen:</b> Marianne Kannelønning <a href="mailto:marianne.kannelonning@stord.kommune.no">marianne.kannelonning@stord.kommune.no</a>  <b>Prosjektleder:</b> Jill Christin Kildal <a href="mailto:Jill.Christin.Kildal@stord.kommune.no">Jill.Christin.Kildal@stord.kommune.no</a>